



HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 2

21. november 2011

Årgang 38



Haut i Njåskogen

Ruth Anne Moen – minneord

I haustferieveka fekk me bodskapen om at Ruth Anne Moen hadde gått bort. Ho hadde vore alvorleg sjuk i halvtanna år, og døde 14. oktober; på Sand i Ryfylke, der ho hadde butt dei siste 25 åra. Folkemusikk- og folkedansmiljøet i Rogaland har med dette mista sin største samlar og formidlar. Også i nasjonal samanheng var ho kjend og respektert som fagmenneske i tradisjonsdokumentasjon og formidlingsarbeid. For sin store innsats blei ho i 2011 utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg, organisasjonen for folkemusikk og folkedans i Norge.

Ruth Anne Moen var fødd i 1950, og voks opp på Strømmen i Akershus. Ho har hovudfag i musikkpedagogikk, med hovudfagsoppgåve om folkemusikkformidling. I tillegg har ho mellomfag i dansevitenskap. Tidlegare arbeidde ho som lærar i grunnskule og musikkskule og underviste i både hardingfele, langeleik, kveding og klaver. Sidan 1986 var ho tilsett som konservator ved Ryfylkemuseet, der ho fekk oppgåva med å byggja opp eit folkemusikkarkiv for Rogaland.

Arbeidet med å oppretta arkivet starta alt i 1983, men det var ikkje før i mars 1992 at det nye folkemusikkarkivet vart ein realitet. Sidan den gong har Ruth Anne samla inn og arkivert ei stor mengd opptak av song, spel og dans frå regionen, og såleis vore heilt sentral i arbeidet med å dokumentera og føra vidare tradisjonane til nye generasjonar av brukarar.

Ho har stått for og organisert eit omfattande innsamlingsarbeid av tradisjonsmateriale i Rogaland, og formidla det gjennom bokutgjevingar, artiklar og andre utgjevingar og kurs. Bak seg har ho ei rekke utgjevingar som tek for seg tradisjons-

stoff frå Rogaland, og for nokre år sia fullførte ho hovudverket sitt – eit gjennomarbeidd læreverk for opplæring i folkemusikk i skulen. Gjennom seminar, konsertar og årvisse kurs i spel, song og dans har ho vore ein svært viktig brikke i opplæringa av born og unge, både lokalt og vidare utover.

Ruth Anne Moen hadde og ei aktiv rolle som organisasjonsmenneske i mellom anna Rådet for folkemusikk og folkedans, Norsk Kvedarforum og som leiar i Norsk Folkemusikklag sin skriftserie. I tillegg har ho vore aktiv i prosessar i tidlegare Landslaget for Spelemenn, der ho mellom anna var aktiv i etableringa av det me no kjenner til som Folkelarmprisen, og ho har vore dommar på Landskappleiken i vokal folkemusikk. Eitt av dei siste prosjekta ho var i gong med var opplæring i arkivdrift og dokumentasjon av tradisjonsstoff i Tanzania, i samarbeid med Universitetet i Stavanger. Ho var og aktiv i Noregs Ungdomslag, og stod sentralt i det arbeidet som denne organisasjonen hadde med innsamling av dansetradisjonar. I tillegg var ho mangeårig leiar i Rogaland Folkemusikklag.

Ruth Anne var ein engasjert formidlar, ein pådrivar for aktivitet og ein inspirator for utøvarar og andre med interesse for dette feltet. Songarar, dansarar og spelemenn i regionen har mykje å takke Ruth Anne for. Både for det arbeidet ho har lagt ned for folkemusikken, kjeldekunnskapen ho sat inne med, og det personlege engasjementet ho synte gjennom ein mannsalder.

Ho var og i mange år ein aktiv utøvar, både som dansar, kvedar og spelemann, både i Vibå spelemannslag i Stavanger og i Syndebukken spelemannslag i Bergen. Me som lærte henne å kjenna i denne saman-

hengen, vil hugsa henne for eit mangfald av eigenskapar. Ruth Anne var i det ytre ein overtydd feminist og ein skarp analytiker og debattant. Ho var seig og viljesterk i det ho sette seg føre, iderik og dyktig som organisator, og attåt dette hadde ho ein vel utvikla sans for humor og ein god evne til å sjå ting ærleg og usminka, både når det galdt henne sjølv og andre. Ho hadde og ein sterk sans for kvalitet når noko skulle framførast eller gjevast ut.

Sia Ruth Anne tok til å samla tradisjonsmateriale på 70-talet og fram til i dag, har Rogaland gradvis vunne aukande omdøme for dei sereigne tradisjonane som finst her i fylket. Utøvarar frå Rogaland har dei siste åra gjort dette materialet kjent både lokalt og utanfor fylkesgrensene. Ruth Anne sitt arbeid har lagt mykje av grunnlaget for dette.

Dag H. Sture



Ruth Anne Moen (1950-2011)

HOLMGANG 2011

Stoff-frist til nr. 3/2011: Midt i desember!

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlem:

Audun Rosland

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året, i fall det er stoff nok.

Bladpengar for direkte tinging av papirkopi av bladet: Kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

I dette nummeret:

Framsidedelete	v/ amo
Minneord om Ruth Anne Moen	2
Smått og stort	4
Ord frå redaksjonen	4
Leiarteigen	5
“Deilig å besøkja Bornholm”	6
Petter – sedd heimanfrå	8
Leikarringprogram hausten 2011	11
Annonse	12

Smått og stort

Haustfest

Bondeungdomslaget bed inn til fest
(Konsert og dans)
i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger
laurdag 10. sept. kl. 19:30 – 23:30



Musikk: Einar Olav Larsen Trio

Konserten startar kl. 19:30 presis.

Serivering av kveldsmat med kaffi / te (ca. kl. 21:00)
(sjå også www.einarolavlarsen.no for omtale og bilde av denne gruppa)

Inngangspengar kr. 200,-

Få dreis på dansefoten!

Folkedanskurs for nybyrjarar
Lyst til å lære å danse
Vals – reinlender – polka – m.m.?



Me startar opp nytt kurs tysdag 20.sept. kl. 18 – 20
Stad: Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17,
kurset varer 6 tysdagskveldar.
Kom gjerne åleine.

Pris: kr. 300,-

Påmelding til Lise Karin Meling, tlf. 91 66 24 38
pr. e-post til bul.stav@gmail.com
eller via heimesida vår www.bul-stavanger.no
Hugs å føre på namn, adresse, tlf.nr og fødselsår

HANDVERKSMESSE

Laurdag 19.11.11 kl. 11 - 17 og søndag 20.11.11 kl. 11 - 16
i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger



Mange dyktige handverkarar
har stort utval i

keramikk - vev - strikking - smykker
glas - knivar - trearbeid - leiker - m.m.
i tillegg til lefser og snop m.m.

Kafeteria

m/lapskaus, rømmegraut, risengrynsgraut
kaffi/te, rundstykke og kaker



Arrangør:
Bondeungdomslaget i Stavanger

46 betalande, triveleg fest.

Dette kurset vart avlyst,
berre 2 melde seg på.

Handverksmessa gav godt
resultat – meir om den i
neste nummer.

Lefsebakingkurset 1. desember var fullteikna alt 8. november!

Ord frå redaksjonen

Redaksjonen seier seg lei for at dette nummeret av Holmgang vart svært forseinka. Visse praktiske tilhøve har skulda. Men vi håper å få ut eit nummer til, venteleg i mellomjula.

Leiarteigen

No har hausten komen siste helga i august med regn og lågare temperatur. Leikarringen har byrja øvingane og snart er det 1. sundagsdans med Vibå i byrjinga av september. Eg vonar mange tek turen til Siddisstova når BUL innber til konsert og dans med Einar Olav Larsen sin trio 10. september. Da blir det flott trøndermusikk. Ellers vonar vi å få i gong eit nybyrjarkurs; Leikarringen treng jo rekruttering.

I løpet av sommaren har vel ein del BUL-folk vore på festivaler, så eg vonar Holmgang får ta del i opplevingane. Sjølv var eg med Vibå og Leikarringen til Bornholm i pinsen. Det var ein hyggeleg festival med grupper frå Danmark, Sverige og Noreg; som eit Nordleik i miniatyr med om lag 500 deltakarar. Me dansa på ymse stader rundt om på øya og hadde ein flott fest med både god mat og variert dans laurdagen. Som dansar var det flott å reise på tur i lag med eit spelmannslag, så slike samarbeidsturar med Vibå og Leikarringen vert eg med på om det kjem fleire høve. Det var jo og dansarar frå Sandnes og Klepp med på turen, så me blei ein god gjeng som synte godt att under dansemyldringa i byen på laurdag.

Føre sommarferien hadde Noregs Ungdomslag sitt landsmøte i Oslo, der leiaren Kristian Fjellanger vart attvald. Landsmøtet vedtok og ein folkedanspolitisk plattform om korleis ein skal arbeide med folkedansen i NU.

I slutten av mai var eg som utvalsmedlem i Nordlek frå Norges Ungdomslag med på ei nordisk samling i Steinkjer. Dei er

godt i gang med førebuing til Nordleik 2012 i Steinkjer i samarbeid med Stiftinga Hilmar Alexandersen; så planar for neste sommar festival er allerede lagde for min del.

Men før neste sommar kjem haust og vinter, med mykje å se fram mot i BUL. Handverksmessa vert som vanleg i november i SiddisStova. Utpå vinteren skal BUL vera teknisk arrangør av Storkurset i Rogaland Ungdomslag. Dette er eit samarbeid mellom fylkeslaga i Agder og Telemark så då vert det folksomt i SiddisStova. Sett av siste helga i januar du og for inspirasjon; det vert mange ulike kurs å velja mellom, og dei er opne for alle.



Frå landsmøtet i Noregs Ungdomslag
(foto: Anne Marie Nerby)

Til slutt vil eg minna om Grasrotandelen. Dette kan alle som spelar via Norsk Tipping vera med på; Ein øyremerkar fem prosent av innsaten til laget.

Anne Marie

Hugs Nordleik 2012 – Hilmar Alexandersen er ein av dei store trønderske musikarane!

“Deilig å besøkja Bornholm”

I pinsehelga reiste mange dansarar på dansefestival frå Rogaland til Bornholm, den danske øya med rike historiske røter i Austersjøen.

Øya har ferjesamband og ein flyplass deltakarane nytta, då dei drog på vitjing i juni. Frå Rogaland reiste mange om København, elles var det ei gruppe frå Varhaug, dei hadde reist med buss. Ein del av deltakarane satsa på sykkelferie medan dei var på øya og tok ekstra dagar anten før eller etter festivalen. Andre rakk også innom på eit kort besøk i “kongens by” med å ta toget frå flyplassen medan dei venta på fly vidare.

På Bornholm arrangerte reiselivet ein dansefestival i samarbeid med folkedansarane på øya. For dei 1500 deltakarane blei det lagt opp til rundturar, besøk på historiske stader samt eit større festopplegg pinse-afta. Ein viktig del av festivalen var oppvisingar i Rønne og andre stader med turar omkring på øya. Då fekk me treffa dei andre dansarane - og ikkje minst sett noko av programmet andre presenterte.



Me dansa framsyning tidleg søndag morgon.

Turen rundt på øya gjekk mellom anna

til Gudhjem, ein fiskarby på nordsida av øya med fiskerøykjeri og glassblåseri: Inne i byen var det mange restaurantar og for turistane var det sundagsopne butikkar, nokre med smaksprøvar av røykjesild. Byen har også rutebåt til Kristiansø; det ligg nokre små øyar med forsvarsanlegg som me kunne skimta i horisonten nærare Sverige. Kystsamfunna har mellom anna levd av sildefiske frå gammalt av. I dag var det meir usikkert med dei lokale fiskeria og nokre røykjeri var avhengige av import frå Island og Norge.



Vibå var med! Stig og Kjell spelte så snart dei sat i ro fem minutt.

På vegen rundt på øya blei me guida av sjåføren som fortalde om næringsliv og natur. Midt inne på øya var det eit stort planteskogområde, kalla “Almindingen”. På 1800-talet blei det felles beiteområdet planta til, i dag er det blitt eit av dei populære friluftsområda med naturperler og rik plass for turopplevingar! Inne på øya blei også tid til stans for å sjå ei rundkyrkje. Linjene blei trekte tilbake til tidleg katolsk tid: Sjåføren kunne fortelja at Bornholm har “middelaldermarked” kvar dag om somma-

ren.

Hammerhus var ei gammal ruin av eit festningsanlegg også med lang soge. Då øya var eit viktig knutepunkt hadde danskongen store interesser i samband med handelen på øya. Ruinen Hammerhus, er også eit av dei store besøksmåla for turistar på Bornholm. Ein guide fortalde om saga og anlegga der det ganske nyleg er starta restaureringsarbeid. Området er lengst nordvest og med kortast avstand både til Danmark og til kysten av Sverige. Der hadde alle gruppene program med danseoppvisingar. Programma med musikk og dans var vel verd å sjå og høyra på. Mange av dansarane deltok på det felles programmet og så blei det igjen servering av god dansk mat, denne gongen ute i det fri!

Danske mattradisjonar er ganske like våre men mykje meir spennande. Me hadde fleire gourmetopplevingar med dansk særegg: Slik var gruppa med folk frå Klepp, Sandens og BUL heldige; me hadde gåavstand til eit av røykeria der me fekk prøva nyrøykt sild med "tilbehør"! Sild blir for eksempel servert på dansk rugbrød og med en lille "fornuftig en"; snapsen liknar nok vår akevitt. Mest ofte er dei danske variantane bryggja på korn og smaksett med lokale urter, slik unike smakopplevingar var det også ein del variantar av øl. Bornholm bør bli ei øy man godt kan vitja oftare. Programmet til ny festival til neste år er klart på nettet for interesserte, søk på "Team Bornholm" eller bornholm.info.

*Reiseskrivar: Audun
Foto: Målfrid Grimstvedt*



BUL Stavanger saman med Sandnes Folkedanslag og Klepp leikarring på Hammarhus festning.

Setesdalskappleiken 4.-6. august i år på Rysstad var og ei markering av 200-årsjubileet for spelemannen Peter Veum frå Fyresdal. Han har hatt mykje å seie for folkemusikken i Setesdal og Holmgangs utsende med følge var sjølv sagt til stades, men vi ventar til neste nummer med reportasje. Derimot tar vi inn her eit stykke om jubilanten, skrive av ein etterkomar av han.

PETTER - SEDD HEIMANFRÅ.

Lars Bjaadal

Helsing ved 200 års minnet på Rysstad 6. august 2011.

Eg skulle så gjønne stadi her med fela til Petter, – og spela. Fela har me, men ingen i ætti kan bruka ho! Sonen Ivar Tveiten – stortingspresidenten – spila litt i ungdomen, vart det sagt. Han måtte ha ei spelkunne og vart bruka som domar på kappleik – ein gong. Far min kunne stemme fela – bror min Knut prøva seg – og eg var landskappleiksgeneral i Seljord. Kan ikkje stille fela eingong! Dei tri andre ættlinene etter Petter er ikkje likare med dei, i så måte!

Petter vart fødd på Veum 8. august – på måndagen er det akkurat 200 år sidan – son av lensmannen Sveinung Veum og Jorond Sveinsdotter Groven. Han veks opp i lensmannsgarden som yngst av i alt 6 sysken, og med ein far som stadig legg under seg meir jord og rikdom, som vert suspendert i ombodet, fær det attende, men må slutta. Sveinung Veum var ein lystig kar, vel kåt og festglad, og det som fort kom øydest snøgt! Petter opplevde farens vekst og fall, og måtte sjølv selja unna, og vart sitjande att saman med far sin på ein av dei minste gardane, Tveiten. Einaste som framleis er i ætti!

Petter skilde seg ut framfor dei andre bygdespelemennane. Kor kom gjevna den frå? Var her eit miljø? Foreldri kom frå

Seljordsheii, Fossøl og Groven i Brunkeberg. Hugsar de Anne Golid og Landstad og Draumkvedet? Trøllebotn? Jørgen Tjønne staul var av hennar folk, og faren Olav endå meir. Her var ikkje lange vegen til Langedrag og Sandsdalen, men litt lenger til Kjos. Petter var naturleg vend austetter – ætti var i Kviteseid og Seljord. Petter var kræturhandlar og møtte sikkert på Kongsberg. Men vegen vestover – på Nordlandet mot Sandnes og Stavanger – var kjende handelsvegar for vesttelemarkingane og endå meir setesdølane. Eg tenker støtt på Petter når eg fer Suleskard.

Heime i Fyresdal var det ein, Knut Trondson. Spilemann og kjempekar – segnfigur i ettertid – og hovudpersonen i John Lie si bok. Det er denne arven frå Telemark Petter tok med vestover – vart formidlaren av – når setesdølane søkte Petter. Ikkje berre spelet, men og hardingfela.

Petter har eg alltid hatt litt vondt av. Gladværug og mild, skjemtande og kvikk i kjeften, tolsam – ein dipomat med både seg sjølv og fela. Petter var kunnskapsrik, las mykje, og hadde sterke meiningar. Skulle så gjønne møtt denne mannen med langt, grått hår under brotluva. Eit reinskorre, skarpt andlet. Han spelar ikkje på det

einast biletet me har – men held fela mot bringa – eg trur eg høyrer omen av Hoppa- ren!

Petter var ein god læremeistar, og ele- vane sette stor pris på han. Slik skriv Hall- vard K. Rysstad, og siterar Petter:

“Eg heve jamnt brennevin i hu- set, seier Petter – endå eg drikk ikkje større av det. So det vert no drug vare her hjå meg. Men eg er er litt av ein kvakksalvar – dyrlækjar og dregst med medi- sinar, so eg hev brennevin og” (Rysstad)

Som liten gutonge sprang eg dei 4-500 m burt til Tveiten. Midtveges like før Midtbekk synte Søren meg brennevinshella til Petter. Alltid godt å ha noko på varastyr!

Og kjenner me Ivar, sonen rett – han som vart leiar av Stortingsmennes av- holdsgruppe – så passa han på far sin. Men sedd frå ei anna side: Ivar Pettersen Tveiten og Asne, fødd Momrak, var nygif- te og hadde fenge si fyrste dotter, Tone. Bestemor var eitt år og møtte sikkert man- ge spelemenn som var innom. Då Hallvard Rysstad var hjå Petter i 1888 – året før Pet- ter døydde – då kom tenestejenta på Tvei- ten upp til Lie og henta Hallvard. Hallvard budd på grannegarden hjå diktaren John Lie. “No passar det, sa Petter. Ivar er i Byg- di og kjem ikkje att før i kveld”. Flaska kom på bordet, men dei drakk lite. Petter spila, Hallvard lydde.

Det vert sagt at Petter var ein kunn- skapsrik og klok mann. Kanskje han skjøna betre enn far sin at: Kunnskap er makt! So- nen Ivar gjekk på seminaret i Kviteseid frå 16-18 år gamal og vart lærar heime inntil politikken tok han. Petter var krev og sprek, og etter å ha vore enkemann i 4 år fekk han

i 1871 ei dotter, Ingebjørg, på grannebru- ket. Ho vaks opp saman med mor si og var 18 år då Petter døydde. Ingebjørg vart og lærar. Skuva Petter på ? Økonomi?

Det var lurt av Petter å læra burt spelet til setesdølane – dei visste å setja pris på – og vidareutvikla. Lesarane og indremisjo- nen hadde ikkje tek all makt over kulturlivet og strøyp alt gamalt spel og dans, folkekul- turen, her i dalen.

I Fyresdal med Vrådal og Nissedal tok Vegårsheiingane makta over sjelelivet og syndelivet, og trampa felene i knas, gjekk svartkledde og venta på Vårherre, og såg Djevelen kvar dag. Nesten alt av “strok” og “kast” vart slutt.

Brordotter til Petter, Gonil Veamyrane, fekk voldsomme gruvlingar og religiøse fan- tasiar. Ho fall burt i dagevis, rista og skolv, og kom til seg att og fortalde openberringar og synir ho hadde hatt. Gonil gjekk på folk og fortalde om fortapinga og syndene. Fan- den sjølv sat i alt som ikkje gagna det evige liv. Ho knusa feler. Ho var synsk – og folk vart redde. Me er i 1860. Som de skjønner: Eg har lite til overs for denne svermeriske forkynninga til Gonil, men ein ting gjer at eg er litt stolt av ho likevel: Ho stod opp i Veum kyrkje og rett etter at presten hadde kome ned frå stolen, og hadde preika mot “den sværmeriske bevegelse”, gjekk ho i rette med han:

Du må ikkje riva ned det som Herren har bygt.

Kven våga slikt i 1860? I gamlekyrkja på Veum og mot prost Teisner? At onkel Pet- ter var sterkt utsett, treng ein ikkje tvila på. Broren Svein, la burt fela, og heile husly- den fylgde Gonil.

Petter vart aldri ein del av dette, men til Knut Jonsson Heddi som kjende fordømin- ga frå sambygdingane, sa Petter: Dei trøy-

tar deg nok ut! Han fekk rett, Knut slutta som lærar i 1887 – berre 30 år gamal. Førstdølane trøyta nok ut Petter på eit vis. Han, som hadde vore oppkvikkaren – som samla folk til lag og moro – no var det ikkje så gjævt – og mange frelste gjekk inn i Domaren sitt ærend.

Men dei knekte ikkje Petter – han spila og lærde frå seg til setesdølar, Knut Jonsen Heddi og Hallvard Rysstad, og Hallvard var hjå Petter året før Petter døydde. Ikkje minst dette møte vil eg meina er ei viktig årsak til å me møtest her i kveld.

Me veit ingen fyresdøl som beinveges lærde spila av Petter utanom Napperen, som for til Amerika. Dagne Andrea Veum var 20 år då Petter døydde. Dei var granar, og Dagne vart viden kjent i Amerika dit ho reiste i 1891, og gifte seg med Andreas Quisling. Dagny, som dei kalla ho der burte, var med på mange kappleikar og konsertar saman med Smedal-karane, Fykerudar og slike storkultar.

Det var ikkje mange felune i bruk i Fyresdal, og dei som ikkje var knusa, tagna etterkvart. Svartsynet hadde vunne – og trota ut!

Me, etterkomarane etter Petter, synest sjølv sagt det er mykje moro at interessa for mannen og spelet aukar. Merethe Rein-skås har skriva masteroppgåva i musikkvitenskap om Hardingfeletradisjon og spelmenn i Fyresdal, UiO 2008, Rebecca Ege-land har ei oppgåve om Veum-spel i Setesdal, ved HiT 2011. Mykje av kunnska- pen me har om Petter er frå m.a. desse to unge.

Fela, den siste etter Petter, einaste me veit om, ingen ringare enn Ottar Kåsa, kongepolkalvinnaren i år, har stelt ho. Måtte ho læte! Betre kan ikkje taka vare på minne hans Petter på, og minna om protesten og utropet på gravkrossen:

Tonerene ere også gjorde af Gud.

Me etterkomarane etter Petter, takkar for at de held minne om Petter høgt. Og Hallvard – kan du spela opp fela, så gjer det fram til minnekonserten i Fyresdal. Då finn nok Petter fram ei flaske, turkar ei tåre, og gled seg. Han sit uppi Liegrend og ser mot Veum. Det spreidde seg . . . det heldt seg. Dei trota meg ikkje ut, smiler Petter.



Lars Bjaadal

Lars Bjaadal har vore fylkesvaraordførar i Telemark (SP) dei siste 8 åra. Han har 33 år i folkehøgskulen attom seg, av dei 23 år som rektor på Seljord Folkehøgskule til at "politikken tok han" liksom oldefaren Ivar Tveiten.

Plan for leikarringen i BUL Stavanger høsten 2011

Mnd	Dato	Aktivitet	Instruktør	Styreansv.	Kaffi	Mopping	
Aug	23	Øving	Anne Lise	Magne	Styret		
	30	Øving	Anne Lise	Lise			
Sept	4	Søndagsdans, arr. Vibå					
	6	Øving	Anne Lise	Gunnar			
	10	Haustfest og konsert kl. 19.30 med Einar Olav Larsen Trio					
	13	Fellesøving i BUL	Anne Marie	John Olaf			
		Musikk m/ Vibå					
	20	Øving m/ Jæren	Anne Lise	Marit			
		Frilynde					
	25	<i>Søndagsøving på Klepp til stildans</i>					
27	Øving	Anne Marie	Berit				
	30.09.-02.10	<i>Kurs i stildans Klepp</i>					
Okt	4	Øving m/ Vibå	Anne Marie	Lise			
	11	Øving	Anne Lise	Magne			
	16	Søndagsdans, arr. Leikarringen, Jæren Frilynde					
	18	<i>Fellesøving Austrått</i>					
	25	Øving m/ Jæren	Anne Lise	Gunnar			
	30	<i>Søndagsøving på Klepp til stildans</i>					
Nov	1	Songdans og stordans	Dag Jostein	John Olaf			
	6	Søndagsdans, arr. Vibå					
	8	Øving	Anne Marie	Marit			
	13	<i>Søndagsøving på Klepp til stildans</i>					
	Torsd.	17	<i>Fellesøving på Klepp kl. 19.30</i>				
	Lør	19	<i>Stildansball på Klepp</i>				
		19-20	Handverksmessa				
		22	Øving m/ Vibå	Anne Marie	Berit		
	Lør	26	Førjulsfest på Hå, arr. Vibå, påm. seinast 16/11				
		27	Søndagsdans, arr. Leikarringen, Jæren Frilynde				
	30	Øving	Anne Lise	Magne			
Des	1	Lefsebakingskurs m/ Astrid Rørtveit, påm. til Torill					
	6	Nissefest m/ Vibå	Anne Marie	Lise	Styret		
	27	Romjulsdans, arr. Vibå					
Jan	7	<i>Nyttårsdans Sandnes</i>					

Vi øver tysdag i storsalen frå kl. 20.00 til kl. 22.00 i Siddisstova.

Instruktører: Anne Marie Nerby, Anne Lise Tveitane og Dag Jostein Nordaker
Spelemann: Gaute Hadland

Kaffivaktens oppgåve:

Lage te og kaffi til pausen. (Er det noe å bite i, er det sjølvsagt kjekt.)

Rydde etter pausen, også på kjøkkenet. Moppe golvet i storsalen etter øvinga.

B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla

4090 Hafrsfjord

NORDAKER
BUNADER A/S

